

# LOKAL RAMMEPLAN FOR BARNEHAGANE I SELJORD



\*\*\*\*\*

**Barnehagen er eit pedagogisk tilbod for barn under skulealder.  
Barnehagen er det fyrste frivillige ledd i utdanningsløpet, og bygger  
si verksemd på :**

- Lov om barnehagar
- Rammeplan for barnehagar
- Handlingsplan for undervisningssektoren i Seljord
- Vedtekter for barnehagane i Seljord
- Lokal rammeplan for barnehagane i Seljord
- Kvalitetsvurderingsplan for barnehagane i Seljord
- Årsplan for den enkelte barnehage

## ■ Barnehagens samfunnsmandat

### **Frå Rammeplan for innhaldet og oppgåvene til barnehagen, Kunnskapsdepartementet 2006:**

”Barnehagen skal tilby barn under skulepliktig alder eit omsorgs- og opplæringsmiljø som er til barns beste. Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd og eit velferdstilbod for småbarnsforeldre.

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og forebyggjande funksjon. Den skal bidra til å utjamne sosiale forskjellar og forskjellar mellom kjønna, og forebyggje diskriminering og mobbing. Barnehagen skal og støtte barn ut frå deira egne kulturelle og individuelle føresetnader.

Barnehagen skal ha dei fysiske, sosiale, og kulturelle kvalitetane som til ei kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap og innsikt om barndom og barns behov.”

### **For barnehagane i Seljord fører dette til:**

- Barnehagane må sørge for at personalet følgjer med i barnehageforskning og ny litteratur, arrangere og delta på kurs, prosjekt og fagleg samarbeid, og støtte opp om etter- og vidareutdanning.
- Pedagogtettleik og satsing på pedagogisk miljø er viktig i barnehagane i Seljord.
- Personalet må kjenne til utviklingstrekk i samfunnet, og systematisk vurdere, drøfte og vidareutvikle vaksenrolla i samsvar med endringar i lokalmiljøet og i det øvrige samfunnet.

## ■ Barnehagens formål, verdigrunnlag og oppgåver

### **Lov om barnehager § 1 og 3.**

”Barnehagen skal hjelpe til med å gi barna en oppdragelse i samsvar med kristne grunnverdier.”

”Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet.”

### **Frå Rammeplan for innhaldet og oppgåvene til barnehagen**

Med kristne grunnverdier forstår ein nestekjærleik, tilgiving, menneskeverd, likeverd, ansvar for fellesskapen, ærlegdom og rettferd.

Barnehagen skal gje eit individuelt tilpassa og likeverdig tilbod og bidra til ein meningsfull oppvekst uansett funksjonsnivå, bustad, sosial, kulturell og etnisk bakgrunn.

## For barnehagane i Seljord fører dette til at:

- Personalet skal møte kvart einstilte barn og deira familie med anerkjenning, respekt, toleranse og omsorg.
- Personalet skal vere viktige støttespelarar for at barna skal utvikle sjølvkjensle og evne til å respektere andre.
- Personalet skal innreie barnehagen og organisere dagen slik at barna kan vere aktive deltakarar i dagleglivet i barnehagen.
- Barna skal oppleve tryggleik og omsorg i barnehagen.
- Kvart enkelt barn skal bli sett og bekrefta.
- Barna skal oppleve ein kvardag fylt med omsorg, humor, leik, læring og sosialt samvær.
- Foreldre og føresette skal føle seg velkomne i barnehagen.
- Den daglege kontakten morgon og ettermiddag skal vere ein samarbeidsarena mellom foreldre og personalet.
- Barnehagen skal vere ein stad der foreldre og personalet kan gje kvarandre informasjon og støtte på korleis ein skal møte det einstilte barnet.
- Barnehagen skal invitere til foreldresamtalar, foreldremøte og ulike sosiale samkome for barn og foreldre.



## ■ Barnehagens innhald

### Lov om barnehager § 2.

”Omsorg, oppdragelse og læring i barnehagen skal fremme menneskelig likeverd, likestilling, åndsfrihet, toleranse, helse og forståelse for bærekraftig utvikling. Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter i trygge og samtidig utfordrende omgivelser. Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn.

Barnehagen skal gi barn grunnleggende kunnskap på sentrale og aktuelle områder. Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter. Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.”

## **Frå Rammeplan for innhaldet og oppgåvene til barnehagen:**

Ein omsorgsfull relasjon er prega av vilje til å lytte, nærleik, innleving, og evne og vilje til samspel.

Barnehagen må sørgje for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og kjensler.

Både lokale og nasjonale kulturverdiar, slik dei speglar seg i oppvekstmiljøet til barna, må vere representerte i barnehage- verksemda.

Barnehagen skal leggje til rette for likeverdig dialog og samhandling mellom ulike grupper. Barn som tilhøyrer det samiske urfolket, dei nasjonale minoritetane og etniske minoritetskulturar, må få støtte til å utvikle den doble kulturtilhørighet.

Det er eit mål at barn skal få ein gryande forståing av kor viktig ei berekraftig utvikling er. I dette inngår kjærleik til naturen og forståing for samspelet i naturen og mellom mennesket og naturen.

### **For barnehagane i Seljord fører dette til at:**

- Personalet i barnehagen skal gje barna samanhengande tid til leik og aktivitetar med minst mogleg avbryting.
- Personalet skal leggje til rette for inspirerende leik ute og inne.
- Personalet skal leggje til rette for utvikling av vennskap.
- Personalet skal vere bevisste språkmodellar ved å vere positive førebilete når dei lyttar, gjev konstruktiv respons og nyttar kroppsspråk, talespråk og tekst.
- Personalet skal legge til rette for språkstimulering gjennom språkfremjande aktivitetar.
- Personalet skal nytte lokal dialekt og nynorsk i songar, forteljingar, rim og regler så langt det let seg gjere.
- Barna skal få grundig oppfølging i si språkutvikling gjennom systematisk registrering av barnas språk- og omgrepsutvikling.
- Barn som ikkje har norsk som morsmål skal få eit tilrettelagt opplegg i språkgrupper.
- Barna skal bli kjent i naturen og nærmiljøet omkring barnehagen.
- Barna skal ha hyggelege og allsidige opplevingar i skog og mark.
- Personalet skal leggje vekt på samanhengar i naturen og korleis vi skal ta vare på den.
- Barnehagen skal kildesortere søppel.
- Barna skal bli kjent med lokal kulturarv.
- Barnehagen skal markere merkedagar og høgtider.
- Barnehagen markerar adventstida med tradisjonelle adventsaktivitetar, jolesongar, mattradisjonar og saga om Jesu fødsel.
- Barnehagen sett Fastelavn og Påske i samanheng med våren og nytt liv.
- Barnehagen markerar høgtider til barn som kjem frå andre kulturar, i samarbeid med familien.

## ■ Fagområda

### Rammeplan for innhaldet og oppgåvene til barnehagen:

Kommunikasjon, språk og tekst

Kropp, rørsle og helse

Kunst, kultur, kreativitet

Natur, miljø og teknikk

Etikk, religion og filosofi

Nærmiljø og samfunn

Tal, rom og form

### For barnehagane i Seljord fører dette til at:

Arbeidet med fagområda vil kome til uttrykk i årsplan og periodeplanar for kvar barnehage.



## ■ Planlegging, dokumentasjon og vurdering

### Frå Rammeplan for innhaldet og oppgåvene til barnehagen:

”Planlegginga må baserast på kunnskap om korleis barn utviklar seg og lærer, individuelt og i grupper, på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre.

Læringa til barna og arbeidet til personalet må gjerast synleg som grunnlag for refleksjon over verdigrunnlaget og oppgåvene til barnehagen og barnehagen som arena for leik, læring og utvikling.

Arbeidet til barnehagen skal vurderast, det vil seie beskrivast, analyserast og tolkast i høve kriterium i barnehagelova, rammeplanen og eventuelle lokale retningslinjer og planar.

Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som ein lærande organisasjon.”

## **For barnehagane i Seljord fører dette til:**

- Barnehagane har eit felles arbeidsdokument som inneheld eit utval av lokale segn, songar, rim og regler, kjente stadnamn og lokale tradisjonar frå heile kommunen.
- Barnehagane må systematisk registrere i arbeidsdokumentet kva lokalt kulturstoff dei arbeider med i løpet av eit barnehageår.
- Barnehagane skal systematisk registrere språkutviklinga til barna, og dette er grunnlag for informasjon og samtaler med foreldra.
- Barnets trivsel og utvikling blir vurdert i barne- og foreldresamtaler.
- Barnehagane har utarbeidd felles system for kvalitetsvurdering og tilsyn av verksemda etter barnehagelova.
- Personalet skal kontinuerleg og systematisk vurdere alle sider ved arbeidet. Vurderinga skal vere til hjelp for utvikling og refleksjon hos personalet og stadig utvikling av det pedagogiske arbeidet i barnehagane.
- Barnehagane har følgjande arenaer for refleksjon, vurdering og planlegging: pedagogmøte, personalmøte, foreldre- og barnesamtaler, foreldremøte og administrasjonsmøte for styrarane og barnehageeigar.
- Årsplanane for kvar barnehage fortel kva for type dokumentasjon dei bruker, PC, bilde, utstillingar, praksisforteljingar og liknande.

## **Samarbeid**

### **Frå Rammeplan for innhaldet og oppgåvene til barnehagen:**

Kommunen har ansvar for at dei ulike tenestene for barnefamiliane er godt koordinerte.

Barnehagen skal, i samarbeid med skulen, leggje til rette for overgangen frå barnehage til fyrste klasse og eventuelt skulefritidsordning.

Det bør etablerast eit generelt og systematisk samarbeid mellom barnehagen og barnevernet.

Andre samarbeidspartnarar som Rammeplanen pålegg oss å samarbeide med er helsestasjon og pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), ulike utdanningsinstitusjonar og skular.

## For barnehagane i Seljord fører dette til:

- Barnehagane har samarbeidsavtalar med den lokale skulen.
- Barnehagane har møte med barnevern og helsestasjon på generelt grunnlag 2 gonger i året.
- Barnehagane og barnevernet har samarbeid om enkeltbarn ved behov.
- Barnehagane har samarbeid med Vest-Telemark PPT i saker omkring enkeltbarn og ved behov for vegleiing.
- Andre samarbeidspartar blir nemnt i årsplanen til kvar barnehage.



### Heddeli barnehage

Barnehagen ligg rett ved Heddeli bu- og servicesenter, nær Seljord sentrum



### Flatdal barnehage

Barnehagen ligg i tilknytning til samfunnshuset og barneskulen i Flatdal.



### Tussejuv barnehage

Barnehagen ligg overfor Seljord ungdomsskule nær Seljord sentrum.



### Åmotsdal barnehage

Barnehagen er knytt til grendehuset og barneskulen i Åmotsdal.